

STATSSPRÅK

BLADET FOR GODT SPRÅK I STATEN /// NR. 1 – 2008



Noreg.no blir skapt av ei rekke framifrå folk som arbeider i Leikanger, her ved fire av dei. På biletet er frå venstre Marta Kari Schawallann, Tommy Skjerven, Tove Takvam Uglum og Trude Risnes. (Foto: Noreg.no)

Den norske inngangen

Den digitale inngangen til det offentlege Noreg ligg langt inne i Sognefjorden, i eit vekstområde for frukt, sau og byråkratar. Men det treng du ikkje å bry deg om, for nettet er jo der du er.

Av Lars Aarønæs

Internettet er blitt kalla «staden som ikkje er». Likevel er det dit vi stadig oftare går, same kva vi skal. Dersom du klikkar deg inn på Noreg.no, Norge.no eller Norway.no, hamnar du i Njøsavegen i Leikanger. Der sit rundt 30 menneske og administrerer alt som finst av offentleg informasjon. Noreg.no er eit underbruk av Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Frå nyttår er dei ein del av Direktoratet for forvaltning og IKT, som igjen er ei samanslåing av Noreg.no, Statskonsult og E-handelssekretariatet.

Men dette treng ikkje folk å vite. Den viktige oppgåva for nettstaden Noreg.no er å vere den digitale vegvisaren for alle brukarar av alle offentlege tenester.

Somme spør her om det ikkje var Odin.no som skulle syte for nettopp det? Men det var før i tida. Prøver du deg med Odin.no, møter du inngangsportalen til departement og regjering. Gamleguden er blitt eit alias. Det rette namnet er eit anna og meir presist: www.regjeringa.no.

Gaper over alt

Skilnaden på dette og Noreg.no er at sistnemnde skal femne mykje meir enn berre Noregs øvste styrande organ.

– Vi skal gjøre det enkelt å finne fram til all offentleg informasjon, også den frå kommunane. Vi skal sjå til at brukarane får ein enkel tilgang til offentlege tenester, seier rådgjevar Trude Risnes.

Såleis har portalfolk i Leikanger også ansvar for Miside, der kvar og ein av oss skal kunne ha oversyn over hopehavet vi har med det offentlege. På Miside er det blitt over 300 000 registrerte brukarar. I dag er 45 kommunar og 12 statsetatarar inne med tenester her.

Tusen på tusen

Mange nettbrukarar kjem innom via Leikanger: Målingar i til dømes oktober 2007 synte at det denne månaden var 915 000 sidevisinger,

til side 2 →

Språkbank

Språkrådet arbeider for å få til en norsk språkbank – en større samling digitaliserte språkdata som kan brukes i språkteknologiske produkter og i forskning.

Språkrådet samarbeider med IBM og med universitetene i Oslo, Bergen og Trondheim om dette. Det er dannet et interimsstyre.

Fagråd

Språkrådet har fire fagråd:

- Fagrådet for samfunn og høgare utdanning
 - Fagrådet for skule og offentleg forvaltning
 - Fagrådet for normering og språkobservasjon
 - Fagrådet for terminologi og fagspråk
- Kvar fagråd har ein sekretær i sekretariatet i Språkrådet.

Språkrådet

www.sprakradet.no

- Aktuelt
- Ordbøker
- Råd om språk
- Fakta om norsk
- Lov og rett
- Leik og lær
- Andre språksider



A�deling for avdelinger

Skal navn på avdelinger skrives med store eller små forbokstaver? Er det riktig å skrive «Avdeling for samfunnsfag»?

Svaret er at stor forbokstav bare bør brukes til å merke ut egennavn. Det finnes imidlertid en stor «gråsone» av etater, institusjoner, avdelinger, kontorer osv. der man kan komme i tvil om betegnelsen er egennavn eller ikke.

Når en avdeling ved en institusjon er av en viss størrelse, har egne bygninger, flere ansatte og eget brevpapir og kanskje har fått delegert makt og myndighet, er det rimeligere å betrakte betegnelsen som et navn enn om avdelingen bare har underordnet status eller er en funksjon blant flere som institusjonen har.

Har en høyskole noe som heter Avdeling for samfunnsfag, oppfyller nok denne avdelingen de kriteriene som er nevnt, slik at det vil være riktig å bruke stor A her.

På godt norsk

adoptere (om skikker, tanker osv.): gjøre til sin, godkjenne, gå over til, vedta, ta i bruk, ta opp

adressere (en sak, et problem:) ta opp, ta fatt på, gjøre noe med

case (ofte:) (konkret) tilfelle, eksempel

føle (*feel*, om synsing:) mene, synes, tro, (yno. øg:) tykkje

gå for ta, velge, satse på

headhunted (til stilling:) håndplukket, hodejakket

headset hodessett

kopi (av bøker o.l.) eksemplar

laid-back avslappet, rolig, tilbakelemt

tenke (*think*, om synsing:) mene, synes, tro, (yno. øg:) tykkje

Fler ord:

www.sprakradet.no / paanorsk



(Foto: © Stephen Welstead / Corbis / Scanpix)

Bebryggelsesplan på nynorsk

Vi har fått spørsmål om kva **babyggelsesplan** heiter på nynorsk. Svaret er **utbyggingsplan**.

I 1986, då Miljøverndepartementet arbeidde med plan- og bygningslova, spurde dei Norsk språkråd kva ord ein burde bruke på nynorsk. Språkrådet kom med framlegg om fleire aktuelle ord, og departementet valde **utbyggingsplan**.

RLE-faget

Forkortinga RLE har tre store bokstavar, og dei står for religion, livssyn og etikk. Vi minner om at fag og studium har liten førebokstav på norsk. Dei skal ikkje ha stor bokstav jamvel om forkortinga har det.

I KRL-faget står dei tre store bokstavane for christendomskunnskap med religions- og livssynsorientering.

→ Den norske inngangen ... fra side 1

altså eit dagsgjennomsnitt på nær 30 000.

Telefon- og sms-spørsmål er det òg nokre av, for dei som synest e-post og nettprat er mindre lagleg. Vel 40 000 gonger blei svar-tenesta kontaktat i fjor. Den som saknar den tørre lefsa Norsk lysingsblad, kan trygt vende seg hit. Då får dei vite at Difi – Direktoratet for forvaltning og IKT – har teke ansvaret for utgjevingane og gjort bladet heildigitalt. Du finn det på www.norsklysingsblad.no, og berre der.

Guide kommunlin

Endå ei oppgåve her er å halde auge med dei offentlege nettstadene som Noreg.no knyter saman. Kvart år måler folket i Leikanger kor gode desse stadene er; sist tok dei for seg rundt 700. Kor tilgjengelege er dei, kor brukartilpassa, kor lette å få oversyn over?

– Statssekretær Jørund Leknes i Fornyings- og administrasjonsdepartementet har samanlikna kvalitetsvurderinga vi gjer, med den i Guide Michelin, den franske gourmet-handboka, seier Trude Risnes.

I 2007 var det åtte offentlege nettstader som fekk full pott, seks stjerner. Av desse var det

ein statleg: Høgskolen i Bergen. Alta, Asker, Hole, Nedre Eiker, Oppegård, Sørum og Trondheim står på lista over toppkommunar. Dei kom samla sett best ut i undersøkinga. La oss leggje til at ein jury nedsett av Noreg.no kårar årets offentlege nettstader. Der stakk www.ung.no av med prisen for dei statlege i fjor. Trondheim hadde den beste kommunale.

Lenkjene i dagleglivet

Risnes legg vekt på at Noreg.no ikkje er meint å vere nokon innhaldsprodusent.

– Vi er først og fremst ein lenkjeportal. Vi produserer lite tekst sjølv, utover det som trengst for å supplere og samordne. Ressursane ligg på alle dei nettstadene vi samordnar. Difor er det heller ikkje vi som «eig» tenestene. Det er til dømes skatteetaten som leverer sjølvmeldingar og skattekart, også når du går via oss for å få tak i dei. Vi må samarbeide godt både med statlege verksemder, med kommunar og med fylkeskommunar. Oppgåva vår er å syte for at tenestene vender seg mot publikum, ikkje mot etatane sjølv.

Takksame for rådrøkt

– Plasseringa i Leikanger skulle borge for at mang ein god nynorsking vankar i gangane. Men er her også gode språkrøktarar?

– Det er det vel. Evna til å føre eit godt språk er blant dei tinga vi tek for oss. Det er eit mål å kunne kommunisere godt. Men vi vaktar oss for å vere ute med peikefingeren. Dei offentlege organa har sjølvé ansvaret for innhaldet på sidene sine. Vi ser til at ymse etatar får hjelpe med det utanlandske, det kan mellom anna handle om å finne ut kva deira eige namn er på engelsk. I så måte er vi heldig stilte, med vår eigen engelskspråklege medarbeidar Sarah Jane Hails.

Trude Risnes seier medarbeidarane i Leikanger er takksame for samarbeidet med Språkrådet.

– Språktenesta har hjelpt oss i gang med ein nynorsk språkmål til bruk i det redaksjonelle arbeidet vårt. No er malen meir eller mindre i bruk, og vi trur han vil hjelpe oss til å bli meir konsekvente. Det enklaste er det beste, ser vi: til dømes å vere medviten om å skrive aktivt og prøve å unngå substantivsjuka.



Forenkling av forelegg

Hvordan kan vi gjøre en tekst fra det offentlige mer leservennlig? På denne siden øver vi oss på det og bruker veiledingsteksten på *Forenklet forelegg som forelegg*.

Statsansatte må ta mange hensyn: Lovlig ilagte bøter skal kreves inn, men synderne må ikke bli fremmedgjort av byråkratspråk. Språket skal ikke føye skam til skade! Vi prøver å kippe opp forelegget og sette det sammen på nytt. Vi kaster det overflødige, men beholder budskapet. Her er originalbota til venstre og et forslag til bøtt bot til høyre:

BOT

- 1 De oppfordres til, 2 innen 7 dager etter at De har mottatt forelegget, 3 å erklære med Deres underskrift om De vedtar det.
- 4 Vedtatt forelegg returneres snarest i vedlagt svarkonvolutt.
- 5 Vedtagelse av forelegget er frivillig og 6 innebærer at straffesaken mot Dem avgjøres endelig uten domsbehandling.
- 7 Etter at forenklet forelegg er vedtatt og returnert innen fristen på 7 dager, vil De motta en giro fra Statens innkrevingssentral (SI). Mer informasjon om betaling, avdragsordning og betalingsutsettelse finner De på SI's nettsted: www.statens.innkrevingsentral.no, eller ved å lese informasjonen på baksiden av giroen De får tilsendt fra SI.
- 8 Dersom De ikke vedtar forelegget, oppfordres De til innen samme frist å oppgi hvorfor De ikke ønsker å vedta forelegget og eventuelt hvilke personer med deres adresse, De ønsker avhørt som vitner.

BEDRING

- 5 Du avgjør selv om du vil vedta dette forelegget, 1 men vi oppfordrer deg til å gjøre det. 6 Hvis du vedtar forelegget, slipper du rettsak.
- 3 4 Slik vedtar du forelegget: Skriv under på det og returner det i svarkonvolutten som ligger ved. 2 Send svaret seinest sju dager etter at du har fått forelegget.
- 8 Om du ikke vil vedta forelegget, må du innen en uke melde ifra og fortelle hvorfor. Fortell samtidig hvem du måtte ønske som vitner i saken, og oppgi adressene deres.
- 7 Om du sender svaret innen fristen, får du en giro i posten fra Statens innkrevingssentral (SI). Mer om betaling, avdragsordning og betalingsutsettelse finner du på baksida av giroen fra SI og på nettstedet www.statens.innkrevingsentral.no.

Hva ble bedre?

Teksten er blitt bedre fordi den viktigste informasjonen er flyttet opp, og språket er gjort tydeligere.

Rekkefølgen er blitt logisk og praktisk. Mottakeren får straks vite hvilket valg han eller hun har.

Teksten er blitt kortere og mer lettles, og noen innskudd er flyttet. Noen overflødige ord er dessuten strøket, se f.eks. «informasjon ... finner De ... ved å lese informasjonen» (7).

«De oppfordres» (1) er blitt til «Vi oppfordrer deg», og «[De] oppfordres til ... å oppgi» (8) er kukt ned til «Fortell». Det litt ubestemte «vedtatt forelegg returneres» er blitt til en enkel besetning: «Send svaret.»

Også ellers er henvendelsen blitt mer direkte. Å vedta ved å erklære med underskrift (3) er blitt til «slik vedtar du:

skriv under». Likeledes: «straffesaken mot Dem avgjøres endelig uten domsbehandling» (5) kan her reduseres til «du slipper rettsak».

Tonen er også endret i og med at høflighetsformene De/Dem er fjernet. Høflighetsformene virker nok i dag mer avstandsskapende enn høflige.

Dessuten er formvalget mer muntlig, og skriveaufer er rettet.

Til slutt: To mulige grunnlag for misforståelser er fjernet. Det første er «erklære ... om» (3). Disse ordene kan misforstås som «erklære hvorvidt», altså at man skriver under både når man vedtar, og når man nekter. (På dette arket skal man bare skrive under hvis man vedtar.) Det andre er formuleringen «med deres adresse» i (8), som i farten kan leses som «i Deres oppgang/husstand»!

Hvis du er ansvarlig for offentlige tekster og vil gjøre bot sammen med oss, kan du ta kontakt med stat@sprakradet.no.

DIKTET

Høyr kva steinen seier

Høyr kva steinen seier der han teier.
Sjå kva marka skriv om lagnader og liv.
Kjenn på sommarangen ifrå gras og grøde.
Smak på farne ætters mat og føde.
Lytt når klokker klemtar frå ei frosten elv.
Skjelv når åkeren før frosten skjelv.
Kjenn i neven deira ting og tøler.
Sjå kor nøysamt dei sitt verkty vøler.
Lev deg inn i samfunnet dei skapte,
kampane dei vann, og dei dei tapte.

Sigmund Aksnes

RETURADRESSE:

Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 Oslo

B

NORGE/NOREG



POSTKASSA

Alien

Jeg har følgende kommentar til *På godt norsk* i Statsspråk 4/2007 hvor ordet «alien» oversettes bare med «rombeist». Som professor ved et statsuniversitet i USA i 34 år hadde jeg et identitetskort utstedt av myndighetene i USA hvor jeg ble betegnet som *resident alien*, altså «fast bosatt utlending», fordi jeg forbile norsk statsborger. Ifølge Engelsk blå ordbok 2. utgave 2007 er ordet *alien* oversatt med: 1. fremmed, utlending, 2. romvesen, 3. outsider.

Jeg tror en korreksjon av den vanligste betydning av ordet *alien* i neste nummer av blaslet vil være nyttig.

Svein Utheim Toverud,
tidl. University of North Carolina

I Statsspråk var det i nr. 4 en liten ramme med fremmedord oversatt til «godt norsk». Dessverre ser jeg meg pent nødt til å informere dere om at å oversette *alien* til «rombeist» er meget dårlig norsk og en ekstremt elendig oversettelse.

Et mer korrekt norsk ord for *alien* er «utenomjordisk» eller «romvesen».

Verken ET, Ewoker, Dr Who, Jenta fra verdensrommet, Minbari eller Supermann kan vel klassifiseres som beist?

Elisabeth Melbye

SVAR: I På godt norsk-spalten prøver vi med få ord å gi enkle tips om norske ord og uttrykk som kan brukes i stedet for utenlandske. Vi har oftest ikke skilt mellom de mange ulike betydningene et utenlandsk ord kan ha.

I dette tilfellet siktet vi til den slags alien(s) som figurerer i skrekkfilmene med samme navn. Foranledningen var at noen etterlyste en norsk tittel til den kommende filmen *Monsters vs. Aliens*. Vi fikk inn forslaget *Ubeist mot rombeist*, som vi syntes var morsomt.

Alien betyr unektelig mye mer – alt fra utlending til romvesen. Takk til dere som kom med innvendinger. Heretter skal vi prøve å avgrense bruksområdet til ordene klarere.

Red.



Fem rådgivere utgjør språktjenesten for statsorganer: Bård Eskeland, Hanne Martine Eckhoff, Kjetil Aasen, Aud Anna Senje og Margrethe Kvarenes.
(Foto: Svein Arne Orvik)

Språktjenesten for statsorganer

Språktjenesten for statsorganer er til for å gjøre norsk forvaltningspråk bedre. Blant annet svarer vi på språkspørsmål og holder små kurs med utgangspunkt i statsinstitusjonenes egne tekster.

Viktige arbeidsområder er klart språk og hjelp til jevnere fordeling av bokmål og nynorsk. Vi tar også på oss enkelte språkvaskoppdrag og oversettelser (til nynorsk) av særlig viktige tekster.

Språktjenesten ble lansert høsten 2006 og er en del av Språkrådet.

E-postadressen til språktjenesten er stat@sprakradet.no.

Sjtokman og Walter Mundal

Hugsar du Sjtokman, han som eit oljefelt har fått namn etter? Mannen heitte *Vladimir Borisovitsj Sjtokman*, var fødd i Moskva i 1909 og døydde i 1968. Slekta hadde tysk namn, men etter fleire generasjonar i Russland har familienamnet sjølv sagt russisk skrivemåte, og det er den vi må følgja når vi skriv om namnet til norsk.

Å skriva etternamnet til ingeniør Sjtokman på tilnærma tysk vis i dag er like gale som å seia at Walter Mondale burde omtala som *Mundal* her i landet av di han har namnet sitt frå ei vestlandsbygd.

USA-amerikaner

Hvis du trenger å presisere hvor en amerikaner kommer fra, kan du bruke *USA-amerikaner* og *USA-amerikansk*. Nynorsk blir *USA-amerikanar* og *USA-amerikansk*. Dette finner du i nyere ordlistar og ordbøker.

Pass på livet

i live

- å være i live
- jeg er i live
- du er i live
- vi er alle i live

i livet

- jakka er lang i livet
- han eier ikke skam i livet
- sette en plan ut i livet
- ha et mål i livet

STATSSPRÅK

Bladet for godt språk i staten

Adresse:

Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 Oslo

Redaktør:

Jostein Stokkeland
jostein.stokkeland@sprakradet.no

Telefon til Språkrådet og Statsspråk:
22 54 19 50

Utforming: Grafisk Form
Trykk: NR 1 Arktrykk

Opplag: 18 500
Redaksjonen avslutta 27.3.2008

ISSN 0805-164X